
Fra: Larissa Dahl
Sendt: fredag 24. januar 2020 09:59
Til: 'oystein@rili.no'
Emne: Opplysningene mangler sak 20/725 Gbnr 424/3

Hei! Viser til ferdiggattest i sak 20/725 for fasadeendring med fl.på gbnr 424/3.

Tiltaket (ombygginga) er ikkje registrert i matrikkelen og eg er veldig usikker på kva eg skal føra ferdig, då.

Løyvet innebar ombygging til hovuddel i kjellar- med ein hybel som etter PBL vert rekna som tilleggsdel til hovuddel, men som etter matrikkellova skal registrerast som eigen bustad då den har eigen inngang, minst eit rom og tilgang til vatn/ toalett utan å gå gjennom annan brukseining.

Teikningane viser 1 hybel i kjellar. **Eg treng BRA for hybel/leiligheit og tal rom som høyrer til denne.** Det ser ut til at hybel/ leiligheit i underetasjen har eigen inngang og skal då ha tildelt si eiga adresse.

Arealet i matrikkelen på huset kan heller ikkje stemma med teikningane. I matrikkel er oppgitt H01 60m2, og H02 52 m2. Underetasje er ikkje registrert i det heile.

Teikningane viser at det minst er 90 m2 på grunnflata, og byggesøknaden seier at : Boligen har ein storleik med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 273 m² og bygd areal (BYA) ca. 23,91m². Totalt får boligen ein storleik på ca. 296,91 m².

Kan du senda inn opplysningar om:

BRA bruksareal på alle plan. (BRA- alt areal pr etasje innanfor omsluttande ytterveggar)

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no